**Sak 5:**

# Arbeidsplan for Hordaland Senterparti 2011

1. **<u>Innleiing</u>**
2. **<u>Politikken</u>**
3. **<u>Organisasjonsarbeid</u>**
4. **<u>Studiearbeid</u>**
5. **<u>Valkamp</u>**

**DATOPLAN**

| Januar | Kva | Stad |
|---|---|---|
| 10. | Fylkesstyremøte | Partikontoret |
| 11. | OHU | |
| 14. | Landsstyremøte | Oslo |
| 18. | KRU | |
| 18.-19. | SU | |
| 27. | FU | |
| 29. | Lokallagsstyrekurs | Bergen |
| Februar | | |
| 07. | Tlf.konf med ordf. | Telefon |
| 08. | OHU | |
| 16. | SU | |
| 18.-19. | Fylkesårsmøte | Stord hotel |
| 19. | Konstituerande styremøte | |
| 22. | KRU | |
| 23.-24. | FU | |
| Mars | | |
| 07. | Tlf.konf med ordf. | Telefon |
| 07. | Fylkesstyremøte | |
| 15.-16. | Fylkesting | Stjørdal |
| 17. | Landsstyremøte | Stjørdal |
| 18.-20. | Landsmøte i Senterpartiet | |
| 24. | FU | |
| April | | |
| 04. | Tlf.konf med ordf. | Telefon |
| 05. | KRU | |
| 05.-06 | OHU | |
| 12.-13. | SU | |
| 15.-24. | Påske | |
| 27.-28. | FU | |
| Mai | | |
| 02. | Ordførarkonferanse | Oslo |
| 03. | OHU | |
| 03.-04 | SU | |
| 10.-11. | KRU | |
| 19. | FU | |
| 27. | Fylkesstyremøte | |
| 28.-29. | Valkampskulering | |

| | | |
|---|---|---|
| Juni | | |
| 06.<br>07.-08.<br>15.<br>21.<br>23. | Tlf.konf med ordf.<br>Fylkestinget<br>SU<br>KUR<br>FU | Telefon |
| Juli | | |
| August | | |
| 08.<br>08.<br>13.<br>16.<br>17.<br>23.<br>24. | Tlf.konf med ordf.<br>Fylkesstyremøte<br>Valkampopning<br>OHU<br>SU<br>KRU<br>FU | Telefon |
| September | | |
| 05.<br>06.<br>07.<br>12.<br>20.<br>22. | Tlf.konf med ordf.<br>OHU<br>SU<br>VALDAGEN!<br>KRU<br>FU | Telefon |
| Oktober | | |
| 03.<br>03.<br>04.<br>05.<br>10.<br>11.<br>13.<br>18.-19.<br>21. | Tlf.konf med ordf.<br>Fylkesstyremøte<br>OHU<br>SU<br>KRU<br>FU<br>Fylkesting<br>Landsstyremøte<br>Valfest | Telefon |
| November | | |
| 01.<br>07.<br>10.<br>22.<br>22.<br>23.<br>25.<br>***Lokallagsårsmøte innan 15.*** | Fylkestinget<br>Tlf.konf med ordf.<br>FU<br>KRU<br>OHU<br>SU<br>Fylkesstyre/julebord/overnatting | |
| Desember | | |
| 01.<br>05.<br>13.-14. | FU<br>Tlf.konf med ordf.<br>Fylkesting | |

Forklaring: FU= Fylkesutvalet, KRU = Kultur og ressursutvalet, SU = Samferdselsutvalet, OHU= Opplæring og helseutvalet.

## 1. Innleiing

**Hordaland Senterparti skal auka styrken vår i fylkestinget og kommunestyra i 2011. Tilbakelagt er hausten 2010 med mange problemsaker for partiet sentralt, no gjeld det å byggja politikk. Regjeringsslitasjen som ikkje var der i 2009 kom med fullt mon i 2010, men også det er det tid for å leggja til side no for å arbeida med dei lokale politiske måla og sakene. Me treng hjelp frå det sentrale apparatet i regjering, Storting og hovudorganisasjon i maktfordelinga stat-lokalt, men må sjølv utvikla og fremja dei gode standpunkta for oppslutnad lokalt. Kvar og ein sin innsats er avgjerande – hugs det.**

## 2. Politikk

**Dei konkrete sakene vil vera ulike mellom kommunane. Men nokre stolpar er felles i partiet og i fylket. Kjerneordet for Sp i årets valkamp er "nærmiljø". Det er gode, trygge og sterke nærmiljø med tru for framtida me står for, på alle politikkens område. Hovudstolpane for valkampsatsinga vil vera næring & arbeid, omsorg & helse, skule og energi. Programmet for fylket vert vedteke på årsmøtet, og kvart lokallag skal ha sitt program.**

## 3. Organisasjonsarbeid

**For å drive med god politikk treng me ein god og sterk organisasjon. Gjennom ein velfungerande organisasjon i alle ledd frå grasrot til regjering kan me drive den aller best moglege politikken og fange veljarane. Hordaland Senterparti skal vere ein organisasjon der medlemmar, tillitsvalde og folkevalde skal lære og trivast.**
**I strategien til Senterpartiet for 2011-2013 er to av hovudmåla under organisasjon aktive lokallag i alle kommunar og eit medlemstal på 21 000 medlemmar i 2011. Hordaland Senterparti vil ta sin del av ansvaret for at disse måla vert oppnådde.**

### 3.1Mål

- **aktive lokallag i alle kommunar over ein 2 års periode**
- **1300 betalande medlemmar i 2011**

**Aktive lokallag i alle kommunar over ein 2 års periode:**

**For arbeidsåret 2011 vert hovudmålet å få fart på dei lokallaga me har per i dag. Alle våre noverande lokallaga skal gjennomfør årsmøte i 2011. Medan me i organisasjonsåret 2012 set inn støtet i dei kommunane me per i dag ikkje har lag.**

**1300 betalande medlemmar i 2011**

**Hordaland Senterparti hadde i 2010 1205 betalande medlemmar utan om Senterungdommen, som hadde 59 betalande medlemmar. Det har vore ein negativ trend dei siste åra og denne skal me snu. På sikt bør Hordaland Senterparti opp mot 1500 medlemmer og ein organisasjonsprosent på 10.**

## 3.2 Verkemiddel

### 3.2.1 Organisatorisk utval

**Utvalet består av organisatorisk nestleiar, studieleiar, representant frå Senterungdommen og KVPU, samt fylkessekretæren. Utvalet har ansvar for å drive det organisatoriske arbeidet i fylket. Leiar for utvalet er organisatorisk nestleiar.**

### 3.2.2 Fadderordning for lokallaga

**Gjennom denne ordninga skal fylkesstyret halde tett kontakt med lokallaga. Alle lag skal ha ein fadder, som ikkje berre krev rapport, men som er hjelpsam og bidreg med råd, innspel og besøk. For at denne ordninga skal virke, er det viktig med tovegs kommunikasjon. Det vil på kvart styremøte vere ein post som heiter status lokallaga.**

### 3.2.3 Distriktsvise arbeidslag

**Gjennom dissa skapar ein interaksjon mellom lokallaga i dei ulike regionane. Målet er at ein kan bruke andre sine erfaringar og kunnskapar, samstundes som ein kan samarbeide om saker som er aktuelle i fleire kommunar i regionen. Det vil i 2011 verte gjennomført 2 rundar med DA-møter.**

### 3.2.4 Kvartalsvise telefonkonferansar med lokallagsleiarane

**For å inspirera og trekka lokallagsleiarane meir med i den politiske debatten vil ein ha kvartalsvise telefonkonferansar der lokallagsleiarane, fylkesleiar og stortingsrepresentant deltek. Dette skal vera ein møteplass der ein får nytt frå storting og fylket, samstundes som lokale saker og spørsmål kan reisast.**

### 3.2.5 Politiske og sosiale aktivitetar

**I Senterpartiet har me alltid lagt stor vekt på å kombinera det politiske med det sosiale. Som ledd i dette vil fylkesstyret ta initiativ til fylgjande:**

- **Lokallagsstyrekurs 29. januar**
- **Valkampopning 13. august**
- **Valvake 12. september**
- **Valfest 21.oktober**

#### 3.2.6 Strategi for lokallag

**Fylkeslaget går i dialog meg lokallaga og lagar ein strategiplan for korleis alle våre lokallaga skal verte aktive innan utgangen av året.**

## 4. Studiearbeid

### 4.1 Mål

- **Studieringar i alle lag**
- **Godt skulerte medlemmar i alle legg av organisasjonen**

**Studieringar i alle lag**

**Dei aller fleste laga har teke i mot ein studiering frå Studieforbundet. Målet må vere at dei laga som har motteke denne gjennomfører den. Det er nye reglar for kva som vert godkjent som studiering. Denne informasjonen må nå laga.**

**Godt skulerte medlemmar i alle ledd av organisasjonen**

**Gjennom Senterpartiskulen vil det verte gjennomført lokallagsstyrekurs og studieledarkurs. DA-møta vil ha fokus på skulering, og gjennom god informasjon og rettleiing vil laga kunne lettare gjennomføre eigne kurs**

### 4.2 Verkemiddel:

#### 4.2.1 Studieutval

**Utvalet sine medlemmar skal vere fylkesstudieleiar, nord/sør-kontakt og 5 studieleiarar frå lokallag, samt fylkessekretær. Utvalet skal styrke kontakten med lokallaga, samt bidrage til meir effektiv informasjonsflyt, opplæring og fleire kurs.**

#### 4.2.2 DA-møte

**Disse møta brukast i tillegg til læring om aktuelle tema til oppstart av studieringar. Informasjon om korleis ein startar opp ring og kva reglar der er for ein slik ring, i tillegg til idear om kva ringane kan innehalde.**

**Det vil verte to rundar med DA-møte:**
**Veke 15: Valkamp**

**Veke 40: Politiske planar**

### 4.2.3 Kurs i regi av Senterpartiskulen

- **Lokallagsstyrekurs**
- **Fylkesstyrekurs**
- **Valkampskulering**

## 5. Valkamp

### 5.1 Mål:

- **5 på fylkestinget**
- **Fleire ordførarar**
- **Auka oppslutning i alle kommunar**

### 5.2 Verkemiddel:

#### 5.2.1 Valkamputvalet

Benthe Bondhus, Jostein Ljones, Alexander Fosse Andersen, Jon Askeland, Steinulf Tungesvik og Elin Legland

#### 5.2.2 Valkampplan for fylket

#### 5.2.3 Alle lokallag får hjelp til å lage eigne valkampplanar

#### 5.2.4 God utforming på valkampmateriell